

Sogn og Fjordane Ungdomslag

CHRISTOFFER KNAGENHJELM
KYRKJEGOTA 1
6854 KAUPANGER

RÅDGJEVAR FOR KULTURBYGG
OG UNGDOMSLAG I SOGN OG
FJORDANE
TLF 48004817

WWW.SOFUL.NO
HTTPS://WWW.FACEBOOK.
COM/SOFUL/

17.11.2017

PRESSEMELDING

Støtt opp om frivillig kulturarbeid!

Dei organisasjonseigde kulturbygga – ungdomshusa, grendehusa, samfunnshusa og bygdehusa – er levande kulturarenaer, i stor grad finansiert med dugnad og frivillig innsats. "Huset i bygda" betyr mykje for samhaldet, identiteten og aktiviteten i små og større bygder og byar. Samstundes har krav og forventningar frå både offentlege institusjonar og lokalsamfunn auka behova for kompetanse og modernisering av dei lokale kulturbygga. Som svar på desse utfordringane starta Sogn og Fjordane ungdomslag i 2010 prosjektet Huset i bygda.

Sogn og Fjordane Ungdomslag ser med otte på at tilskota frå staten til lokale kulturbygg har vore kraftig redusert dei siste åra. Dette er ei ordning som har vore viktig for modernisering av kulturbygga. Dette er hus som er viktig for det breie kulturarbeidet i Sogn og Fjordane. Både lokale foreiningar, einskildgrupper, privatpersonar og landsdekkjande organisasjonar, som 4H, korps og kor har ofte aktivitetar, øvingslokale eller konsertar i desse husa. Ofte er dette kulturarbeid som når på tvers av sektorar, som førebyggjande folkehelsearbeid og integrering og mangfaldsarbeid. Samstundes legg regjeringa opp til store kutt i tilskotta til det frivillige kulturarbeidet. Kutt i tilskota til frivillig arbeid rammer dermed særst mange ulike grupper i samfunnet. I dag, kor mange funksjoner vert sentralisert, vil vi òg understreke verdien desse husa har, som limet i mange grender.

Regjeringa er flink til å understreke verdien av samarbeid mellom frivillig kulturarbeid, offentlig sektor og privat næringsliv. Huset i bygda er eit slikt døme. Sparebankstiftinga har øymerka midlar til lokale kulturbygg, mens Sogn og Fjordane fylkeskommune har inngått utviklingsavtale med Huset i bygda som sikrar prosjektet grunnfinansiering i tre år. I ei tid kor staten har valt å nedprioritere tilskota til lokalt kulturliv er slik støtte av avgjerande verdi, og vi oppfordrar regjeringa til å auke tilskota.

Sogn og Fjordane Ungdomslag tykkjer det er særst gledeleg at eit samla storting, med unntak av regjeringspartia Høgre og FRP, i sine alternative budsjett opprettheld støtta til frivillige organisasjonar og vaksenopplæringa. Vi er òg nøgd med at dei legg opp til auka støtte til momskompensasjonsordninga til frivillige lag og organisasjonar. Vi vil samstundes oppmode partia på stortinget om å vurdere korleis tilskota til lokale kulturbygg er organisert, med målsetjing om å reversere kutta som har vore gjennomført dei siste åra.



Ved:

Hildegunn Gjelsvik, Styreleiar Sogn og Fjordane Ungdomslag.

E-post: hildegungje@gmail.com

Tlf.: 482 25 625

Kontaktperson:

Christoffer Knagenhjelm

Rådgjevar for kulturbygg og ungdomslag i Sogn og Fjordane

E-post: Christoffer@ungdomslag.no

Tlf.: 480 04 817

Nøkkeltal/bakgrunnsinformasjon:

- Det frivillige kulturarbeidet i Sogn og Fjordane, representert ved Sogn og Fjordane Ungdomslag, 4H, Norges Musikkorps Forbund (NMF) og Norges Korforbund representerer 10.000-12.000 medlemmar.
- Tilskot til lokale kulturbygg i Sogn og Fjordane: Kutt frå 5,6 mill. til 1,8 mill. (2014-2017). På landsbasis er det kutt frå 147 mill (2013) til 47 mill. (2017).
- Kutt i all støtte til organisasjonar som arbeider innanfor landbruks- og matpolitiske satsingsområde (kap. 1138 post 70): - 30 mill (for t.d. 4H er beløpet - 7,1 mill.)
- Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner: - 3,4 mill (landsbasis).
- Momskompensasjonsordninga: Frå 28% til 32% avkorting (realnedgang).
- Vaksenopplæringa: - 22,5 mill.
 - Gjev t.d. Kutt i korsatsinga på 3,5 mill (landsbasis).
 - Færre kurs i Sogn og Fjordane.
- Kulturminnefondet; -11 mill (tilskotsordning som òg har vore nytta av forsamlingshus).

- Tilskot til lokale kulturbygg vert fordelt gjennom speleoverskotet til Norsk Tipping AS («Tippenøkkelen»). Midla vert fordelt til helse, idrett, kultur og humanitære aktivitetar. Etter at helseformål har fått sitt, får kultur 18% og idrett 64%. Sjølv om totalsummen av midlane til kulturformål har auka frå 494 til 730 mill. kroner dei fire siste åra, har tilskota til kulturbygg minka dramatisk. Årsaka er m.a. at regjeringa har flytta midlar frå lokale kulturbygg for å finansiere andre ordningar, som tidlegare fekk midlar over statsbudsjettet.

- Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner er eit samarbeidsorgan for barne- og ungdomsorganisasjonar i Norge. Totalt har desse organisasjonane 450.000 medlemmar og representerer eit stort mangfald av aktivitetar og verdier.

- Momskompensasjonsordninga: Manglande satsing på MVA-kompensasjon gjer at det i praksis er realnedgang i mva-kompensasjon for frivillige organisasjonar. Ettersom eit samla storting i juni i år ba regjeringa styrke momskompensasjonsordninga gjennom opptrappingsplan, håper vi ordninga vil bli eit tema fram til endeleg statsbudsjett er vedteken.

- Vaksenopplæringa: Midlar her blir m.a. delegert til Studieforbundet kultur og tradisjon som får kutt på 1,9 mill. (av 22,5 mill). Studieforbundet kultur og tradisjon er studieforbund for meir enn 40 nasjonale og regionale kulturorganisasjonar. Felles for desse er at alle driv systematisk opplæring innanfor sine fag/kulturuttrykk. Døme er handverk, dans, teater, film, mat mm.